



POD

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

Deres referanse:

Vår referanse:
201712138-3 313

Sted, Dato
, 18.10.2017

HØRING - NOU 2017:9 POLITI OG BEVÆPNING

Innledning

Bevæpningsutvalget har levert ein svært omfattande og grundig rapport. For mange av oss har det vore lærerikt å lese rapporten, då den på ein god måte beskriv dagens politi og dagens kriminalitet og set den i eit historisk fagleg perspektiv der vi har vore tilbakehaldne, hatt eit sivilt preg, og tillit frå innbyggjarane er sentrale element.

Faktagrunnlaget som rapporten byggjer på er etter vårt syn rett og gir dermed eit godt utgangspunkt for dei drøftingane som er gjorde og konklusjonane som er trekte.

Det sentrale spørsmålet er om politiet framleis kan stå i denne tilbakehaldne tradisjonen med eit sivilt preg og vere uvæpna, eller om kriminalitets- og trusselbildet er så mykje endra at det krev at vi skal bryte med den lina. Spørsmålet om politiet skal vere alminneleg væpna er ikkje eit enkelt spørsmål å svare på. Der fins svært gode argument for- og imot. Det er kanskje lettare å argumentere *for* alminneleg bevæpning enn imot, fordi hovudargumentet ofte er føre var-prinsippet; at ein skal vere væpna "for sikkerhets skyld" og fordi ein aldri veit kva som kan møte ein.

Av andre spørsmål som blir reist i rapporten ynskjer vi å kommentere nokre av dei, men ikkje alle.

Drøfting av hovudspørsmålet:

Det er etter vårt syn den daglege tenesta med dagens kriminalitetsbilde som må vere grunnlag for spørsmålet om bevæpning. Ikkje enkeltstående terrorhendingar rundt om i verda. Dagens

MØRE OG ROMSDAL POLITIDISTRIKT

ordning med framskoten lagring av ein- og tohandsvåpen i køyrety gir etter vårt syn patruljane rask nok tilgang på våpen når dei treng det i dei aller fleste situasjonar.

Det er situasjonar som oppstår når patrulja ikkje er i, eller i nærleiken av køyretyet ulempa kan vere stor når ein ikkje er alminneleg væpna. Dette kan vere situasjonar i ei høgblokk i Oslo eller på ei øy på Sunnmøre dit patrulja har tatt seg utan å ha med køyrety eller på eit kjøpesenter eller arrangement der det tek tid å ta seg fram til køyretyet for å hente våpen dersom ein brått treng det. Vi meiner at frekvensen på slike oppdrag er lav og at det finst kompensierende tiltak for dei fleste av situasjonane, og at dette ikkje gjev grunn for alminneleg væpning. Bevæpningsutvalget *"har ikke klart å avdekke noen faktiske hendelser der dagens ordning har medført at tjenestepersonene har kommet til kort i den forstand at noen har blitt skadet eller drept."*

Det uventa kan hende, slik som ein til dømes har sett i mindre eller større terroråtak med kniv eller med bil fleire stadar i verda. Slike hendingar påverkar naturleg nok vårt syn på væpningsspørsmålet, men det må etter vårt syn ikkje vere dette som skal vere grunnlaget for ei mogleg alminneleg væpning av norsk politi. Bevæpningsutvalget legg i denne samanheng til grunn at det ikkje er meir terrorhendingar i Europa i dag enn før. I tillegg har Norge eit lavare trusselnivå enn mange andre land i Europa. Dette er eit viktig perspektiv å ha med seg.

Politiet er i dag velfungerande og har høg tillit i folket. Denne tilliten har etter vårt syn kome fordi vi har klart å vere eit sivilt prega politi som bygger på *"samtykke og legitimitet i befolkningen"*. (NOU2017:9 side 203)Vi støttar altså utvalet sin konklusjon med at dei "... ønsker videreføring av den norske tradisjonen og ser en klar verdi i det å bevare det ubevæpnede politiet."

Til pkt. 9.17.1 "Mulighet for oppjustering av beredskap ved behov"

Vi er av den oppfatning at POD må sette beredskapsnivå i heile politiet tilpassa dei til einkvar tids gjeldande trusselvurderingar. Med kvart beredskapsnivå som POD set må det vere ein tiltakspakke som skal gjelde for politiet nasjonalt. Beredskapsnivåa og tiltakspakkane må vere bestemte på førehand og kjende, slik at det er forutsigbarheit både internt og eksternt, etter modell fra SBS (Sivilt beredskapssystem). På denne måten slepp dei enkelte politimestrane på eiga hand å vurdere seg fram til beredskapsnivåa/tiltaka i sitt politidistrikt, og politiet i heile landet vil ha like beredskapsnivå og tiltak. Beredskapsnivåa og tiltaka kan være opne og tilgjengelege og kan fylgjast av enklare, nasjonale bodskapsplattformer. Dette vil i større grad enn i dag syte for likare, enklare og meir forutsigbare handlingsmønster som er tilpassa trusselen. Mellombels generell væpning eller punktvæpning kan vere eitt av slike tiltak/handlingsmønster.

Til pkt 9.15 "Bevepning ved utvalgte objekter – punktbevepning."

Vi ser at enkelte objekt kan ha særlege behov for eit høgt sikkerheits- og beredskapsnivå. Enten permanent eller tidsavgrensa. Hovedflyplassen på Gardemoen er eit slikt objekt. Den skil seg etter vårt syn klart ut frå andre sårbare objekt både når det gjeld antal reisande og arealmessig storleik. Det er også verdt å merke seg Luftfartstilsynet sitt sterke ynskje om å ha permanent væpna politi på hovudflyplassen. Framskoten lagring eller andre kompensierende

tiltak inne på sjølve flyplassen verkar vanskeleg å få til på ein effektiv måte. Politimannskapa er til fots over svært store avstandar i den daglege tenesta.

Vi er ikkje einige i utvalget sin konklusjon, og er av den formening at det bør åpnast for punktvepning på Gardemoen.

Til pkt 9.17.2. Elektrosjokkvåpen

Vi støttar utvalet si tilråding om at det bør gjennomførast eit prøveprosjekt med elektrosjokkvåpen i norsk politi. Det er viktig å ha gode verkty som er tilpassa situasjonen. Eit elektrosjokkvåpen kan vere det, og politiet i fleire andre land har gode erfaringar med det, men det er viktig at vi gjer oss egne erfaringar før vi eventuelt tek det i bruk.

Til pkt 9.2. Framskutt lagring av skytevåpen i politiets kjøretøy; Overordnede perspektiver

Vi støtter utvalets syn på framskoten lagring i køyrety. Vi ynskjer at modellen med framskoten lagring blir utvikla, og at ein ser på moglege løysingar for framskoten lagring utanfor køyrety til bruk i særlege høve. Til dømes der patrulja er i oppdrag på ei øy eller andre vanskeleg tilgjengelege stadar, og må nytte anna kommunikasjonsmiddel enn eige køyrety.

Med desse merknadane, støttar vi konklusjonane i NOU2017:19.



Ingar Bøen
Politimeister



Ingmar Farstad
Visepplitimeister